

## **Krav om gjenoppretting av vassforsyning jamf Forureiningslova §58.**

### *Bakgrunn*

Nøtlevåg Meieri og Nøtlevåg Eiendom har tidlegare hatt tilfredstillande vassforsyning frå eigen brønn. Brønnen ligg i eit vassdrag som går frå området Solheimsåen - Tolleshaug øst - Dale - Nøtlevågsdalen. Det vart etablert ei bossfylling i tilknytning til dette vassdraget, ved Olsvollkryssen, etter at Dale skule brann på midten av 80-talet. Plassen var nytta til avfallsplass i ei årrekkje etter brannen. Etter det vi kjenner til er det ikkje gjort tiltak for å fjerna avfallet. Målingar av vasskvalitet syner verdiar av forureining generelt og bly spesielt.

### *Diskusjon*

Nøtlevåg Meieri er eit kulturhistorisk prosjekt der trygt vatn er føresetnad for vidare utvikling og bruk. Nøtlevåg eigedom ser at stabil trygg vassforsyning er ein føresetnad for bruk og utvikling av eigdommen.

Vi hadde tidlegare i år eit møte med Teknisk etat i radøy kommune for å diskutera alternativer for framføring av kommunalt vatn. Ut frå dette møtet kom det to hovudalternativ - Framføring av kommunal vassledning sentralt plassert i Nøtlevågen slik at skadelidde og andre intressenter i området fører fram private vassledningar frå dette punkt.  
-Legging av privat vassledning frå eksisterande komunal vassledning.

I tillegg til skadelidte er det to bustader og ein fritidsbustad samt ca 40 båtplassar i området som har vist interesse for kommunal vasstilførsel.

Både Nøtlevåg Meieri og Nøtlevåg Eiendom, vil stilla seg positiv til egeninnsats for å få på plass ei god og varig vassforsyning i området. Dersom det er rasjonelle løysingar eksempelvis i samband med utbetring av veg vil skadelidte ikkje krevja umiddelbar gjenoppretting av vassforsyning, men forventar løysing innan utgangen av 2021.

### *Konklusjon*

Vi krev at Radøy kommune i samarbeid med skadelidte snarast legg plan for å gjenoppretta trygg vassforsyning i Nøtlevågen.

Bjarte Vakt skjold

Bente Bruknapp

Nøtlevåg Meieri

Nøtlevåg Eiendom